

Kaupanger, 30.6.2020

Innspel til Utviklingsplan for Vestland 2020-2024

Først vil vi orsake at vi ikkje har sendt inn innspel innafor fristen. Vi håper likevel at våre innspel vert handsama.

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) er glad for at Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 er tydeleg på at bærekraftsmåla til FN skal styre utviklingsarbeidet i Vestland fylke.

Vi er og glad for at viktig premis for utviklingsplan for Vestland er at fylket skal vere pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Norge. Dette er viktig ramme kring resten av måla i planen. I dette kviler det eit stort ansvar på Vestland fylke som medspelar og bidragsytar til å sikre levande lokalsamfunn, og at alle har like moglegheiter til å delta i den breie verdiskapinga (økonomisk, sosialt og kulturelt).

Som del av den kulturelle frivilligheita vil SOFUL konsentrere innspela til tema som omhandlar frivillig kulturliv, barne- og ungdomsarbeid og inkludering. Men det betyr ikkje at t.d. målsetninga om at klima- og miljø ikkje er særskilt viktig for berekraftig utvikling av lokalsamfunna i fylket.

SOFUL vil gje honnør til Vestland fylke for satsinga på kultur og frivillig arbeid. Vi opplever at både politikarar og administrasjon, tross i økonomiske situasjonen, viser eit ektefølt engasjement for å bidra til å både ivareta og vidareutvikle kulturlivet i fylket. Det er viktig at desse ambisjonane og vert fylgt opp i utviklingsplan for Vestland og at heile kulturlivet får gode rammevilkår.

I høyringa til utviklingsplanen vert det frå Vestland fylkeskommune m.a. stilt spørsmål om planen bidreg til mobilisere ulike aktørar og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk.

I ambisjonen om at Vestland fylke skal vere ein leiande kulturel region er det viktig at fylket ikkje gløymer den viktige underskogen som det frivillige og desentraliserte kulturlivet er for Vestland fylke som regionalisert fylke. Ikkje minst er dette viktig i satsinga på å utvikle berekraftige lokalsamfunn og at alle skal ha like moglegheiter. SOFUL understrekar at utviklingsplanen må verdsetje at kultur og kulturarbeid har eigenvekt.

Her vil vi og framheve at lokale kulturbygg er viktige for eit aktivt kulturtilbod i kommunane. Dei organisasjonseigde kulturbygga er levande kulturarenaer, i stor grad finansiert med frivillig innsats. Utviklingsplanen må leggje til rette for vidareutvikling av kulturbygga. Her er det stort potensiale til både mobilisering og betre samordning mellom ulike offentlege og private aktørar.

I fylket er det truleg rundt 800 organisasjonseigde kulturhus. Både hus, huseigarar og organisasjonar knytt til desse husa er ein viktig ressurs for fylket. I det vidare planarbeidet må fylket skaffe seg betre oversikt over desse husa og kva aktivitetar som finn stad der og kva moglegheiter som ligg i husa.

Sogn og Fjordane Ungdomslag

Gjennom dei organisasjonseigde kulturhusa har ein eit godt utgangspunkt for å knyte saman gode møteplassar, attraktive stadar, gode nærmiljø og eit fornyande profesjonelt og frivillig kulturliv.

Desse husa har òg eit ubrukt potensiale når det gjeld arbeid med brei inkludering – ungdom, innvandrarak og menneske med ulike formar for funksjonsnedsetting. Ei slik satsing vil òg kunne motverke økonomisk ulikskap som er eit tema i utviklingsplanen.

Vi stiller store voner til arbeidet med Utviklingsplan Vestland 2020-2024 og ønskjer Vestland fylke lukke til med arbeidet.

Med beste helsing



Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane